

Årsmøte 2022
19.februar
Vågå Hotell

Det var med 24 medlemmar på årets årsmøte.

Sak 1: Innkallinga vart godkjent.

Sak 2: Sakslista vart godkjent.

Sak 3: Dag Lianes – leiar -vart vald til møteleiar

Sak 4: Godkjenning eller nekting av stemmerett for medlemmar, samt gje observatørar rett til å vere tilstades.

Alle frammøtte vart godkjent med stemmerett.

Sak 5: Tor Ivar Hovhaugholen vart vald til referent.

Jostein Tho og Jon Reidar Stormyrenge vart vald til tellekorps.

Per Erik Hjelle og Frode Stordal vart vald til å signere protokollen.

Sak 6: Årsmeldinga for 2021 vart gjennomgått av leiar.

Årsmeldinga vart godkjent.

Sak 7: Rekneskap. Gaute Aamlid - kasserar - gjekk gjennom rekneskapen.

Rekneskapen er revidert og funne i orden.

Rekneskapen vart godkjent.

Sak 8: Innkomne saker.

Søknad om utviding av aktivitetsområde til å gjelde heile Møre og Romsdal.

Klubben har motteke søknad frå ildsjeler i området.

Forslag om at vedtektsendring blir gjort slik at området blir teke med.

Det føreset endeleg godkjenning frå Forbundsstyret i

Norske elghundklubbers forbund.

Kommentert at det er viktig å oppretthalde godt forhold til

Sør-Trøndelag elghundklubb.

Vedtektsendring vart vedteke med atterhald om godkjenning frå Forbundsstyret.

Sak 9: Budsjett for 2022 samt medlemskongtingent.

Kasserar gjekk gjennom budsjett.

Framlegg om å vidareføre same medlemskontingent.

Kommentert at det er viktig med rekruttering og at det blir teke omsyn til ved fastsetting av avgifter for prøver. Og kommentert at godtgjersle for dommarar bør sjåast på. Styret tek med seg kommentarane og ser på dette.

Budsjett for 2022 vart godkjent.

Sak 10: Val

Nytt styre for 2022:

Leiar: Dag H. Lianes (1 år) vald til styret for 2 år

N.leiar: Tor Ivar Hovhaugholen vald til styret for 2 år

Kasserar: Gaute Aamlid vald til styret for 2 år

Styremedl.: Rita Gausemel vald i 2021 for 2 år

Styremedl.: Leif Einar Olsen vald i 2021 for 2 år

Vara: Anna Bilstad vald i 2021 for 2 år

Hilde Hammer vald i 2021 for 2 år

Valkomite: Arne Skrede - leiar

Egil Kveen

Rolf Grindstuen

Revisor: Ola Auale.

RS – delegatar: Styret får fullmakt til å velje dette.

Per Erik Hjelle

sign

Frode Stordal

sign